

28 MAY 2008

Saksnr. \_\_\_\_\_

J.nr. \_\_\_\_\_

Arkivnr. \_\_\_\_\_

28/5 SAM Heidi



Møre og Romsdal fylke

Ungdomsråd i Møre og Romsdal  
Ungdomspanelet

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
«REF»	«REFDATO»	MR 15629/2008/	Hallvard Lavoll-Nylenna, 71 25 80 95	26.05.2008

## Høring på forslag til vedtekter for Ungdommens Fylkesting og Ungdomspanelet

Ungdommens Fylkesting vedtok i 2007 følgjande:

*Ungdommens fylkesting ønskjer å oppdatere vedtektene til Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet. Ein vedtektskomité samansatt av Inga Walseth (Smøla) og Nanda Kristin Sæterøy (Sandøy) samt to frå Ungdomspanelet skal oktober 2008 avlevere forslag til nye vedtekter. Forslaget skal ha vore ute på høring hos alle ungdomsråd i fylket samt politisk leiing i fylkeskommunen. Medlemene i komiteen får dekt reise og kostutgifter.*

Vedtektskomiteen har utarbeida eit forslag til nye vedtekter og ønskjer no tilbakemeldingar på dette før forslaget blir lagt fram for Ungdommens Fylkesting i november. Ungdommens Fylkesting og Ungdomspanelet er ungdomane sitt demokratiske organ på fylkesnivå og det er derfor viktig med tilbakemeldingar frå flest mulige ungdomsråd.

Etter at høyringsfristen er over vil vedtektskomiteen gå gjennom høyringssvara og etter beste evne utarbeide eit ferdig forslag til Ungdommens Fylkesting. Alle høyringssvar vil bli lagt ved i sakspapira.

Etter at Ungdommens Fylkesting har handsama vedtektene er det Fylketinget i Møre og Romsdal som har siste ordet og skal endeleg godkjenne vedtektene.

**Frist for å sende inn høyringssvar er 1. september 2008**

Vedlagt:

Eksisterande vedtekter  
Forslag til nye vedtekter

Med helsing

Hallvard Lavoll-Nylenna  
Koordinator for Ungdommens Fylkesting og  
Ungdomspanelet

Prosjektet UNG

Postadresse: Fylkeshuset, 6404 Molde • Besøksadresse: Julsundv 9 • Telefon: 71 25 87 80 • Telefaks: 71 25 87 99  
e-post: post@mr fylke.no • www.mrfylke.no

## **Forslag til nye vedteker utarbeida av vedtektskomiteen**

### **Vedteker for Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet i Møre og Romsdal**

#### **§ 1 Formålsparagraf**

*1.1 Organa sine namn er Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet i Møre og Romsdal.*

- 1.2 Gjennom Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet skal ungdom i Møre og Romsdal ha reel medverknad, kunne påverke politiske saker i fylket og auke ungdomens samfunnsengasjement. Vidare skal Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet stimulere til politiske engasjement samt få trening og opplæring i demokratiske prosessar.
- 1.3 Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet skal vere eit høyrings- og rådgjevande organ for Møre og Romsdal fylke og alle dei politiske organa.
- 1.4 Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet kan sjølve fremje saker til politikarane og administrasjonen i Møre og Romsdal fylke.

#### **§ 2 Ungdommens fylkesting**

- 2.1 Ungdommens fylkesting skal vere partipolitisk nøytralt.
- 2.2 Ungdommens fylkesting er eit opent møte for alle som er interessert.
- 2.3 Ungdommens fylkesting skal ha ein årsmøtefunksjon ovanfor Ungdomspanelet, der Ungdomspanelet rapporterer til Ungdommens fylkesting om sitt arbeid. Ungdommens fylkesting lagar eit handlingsprogram for kva saker Ungdomspanelet skal arbeide med det kommande året. Det er Ungdommens fylkesting som vel representantar til Ungdomspanelet.
- 2.4 Handlingsprogrammet er det øverste politiske dokumentet. Oppstår det konflikt mellom handlingsprogrammet og andre vedtak gjort i Ungdommens fylkesting eller Ungdomspanelet, gjelder handlingsprogrammet som Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet sin politikk.
- 2.5 Samansetning  
Kvar kommune i Møre og Romsdal blir inviterte til å sende 2 frivillige og engasjerte representantar til Ungdommens fylkesting og oppnemne 2 personlige vararepresentantar til desse.
- 2.6 Representantane skal veljast frå ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre. I kommunar som ikkje har ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre bør kommunen sende 2 frivillige frå kommunen sine elevråd eller ungdomsorganisasjonar.
- 2.7 Ungdommens Fylkesting skal bestå av ungdom mellom 15 og 25 år med tilknytning til fylket i den aktuelle valperioden.  
(NB. Vedtektskomiteen har endra aldersgrensa frå gjeldane vedteker)

- 2.8 Ungdommens fylkesting skal ha kjønnsbalanse slik likestillingslova krev, og det bør også rekrutterast ungdom med minoritetsbakgrunn. Kommunane bli oppfordra til å sende ein gut og ei jente.
- 2.9 For å sikre kontinuiteten bør representantane med vararepresentantar veljast for ein periode på to år, med utskifting slik at ein av representantane blir valt kvart år.
- 2.10 Ungdomspanelet kan invitere relevante organisasjonar/personar i samsvar med sakslista til Ungdommens fylkesting.

#### Møte

- 2.11 Ungdommens fylkesting har ordinært møte ein gong i året og møte bør arrangerast i oktober/november.
- 2.12 Ungdomspanelet kallar inn til Ungdommens fylkesting 2 månadar før Ungdommens fylkesting skal arrangerast. Ungdomspanelet innstiller saker til Ungdommens fylkesting.
- 2.13 Ungdomsråd og alle mellom 15 og 25 år i fylke kan melde inn saker til Ungdommens fylkesting. Saker skal meldast inn til Ungdomspanelet seinast 5 veker før Ungdommens fylkesting.
- 2.14 Sakspapira skal sendast ut til representantane seinast 3 veker før Ungdommens fylkesting skal arrangerast.
- 2.15 Ungdomspanelet sine medlemmar har tale- og forslagsrett i Ungdommens fylkesting og kan dermed ikkje vere kommunerepresentant på Ungdommens fylkesting.
- 2.16 Ungdom som deltek på Ungdommens fylkesting og skal få naudsynt opplæring.
- 2.17 Ungdommens fylkesting kan godkjenne tale- og forslagsrett til andre inviterte i enkeltsaker etter anbefaling frå Ungdomspanelet.
- 2.18 Ungdommens fylkesting vedtar sin eigen forretningsorden, det vil seie køyrereglar for møtet.
- 2.19 På Ungdommens fylkesting skal det alltid vere politisk og administrativ representasjon frå Møre og Romsdal fylke.
- 2.20 Dersom Ungdomspanelet finn det nødvendig kan dei innkalle til ekstraordinært Ungdommens fylkesting.
- 2.21 Det skal setjast ned ein eiga valnemnd på Ungdommens fylkesting samansatt av avtroppande medlem(ar) av Ungdomspanelet, representantar frå Ungdommens fylkesting som ikkje stiller til val og ein person frå administrasjonen. Ungdommens fylkesting skal ha minst halvparten av medlemane.
- 2.22 samsvar med forskriftene til Opplæringslova, § 4 – 35 skal møter i Ungdommens fylkesting ikkje førast som fråvær frå undervisning.
- 2.23 Det skal vere eksterne ordstyrarar under Ungdommens fylkesting. Ingen i representantar i Ungdommens fylkesting eller Ungdomspanelet kan vere ordstyrarar.

### **§ 3 Ungdomspanelet**

- 3.1 Ungdomspanelet er Ungdommens fylkesting sitt operative organ og skal følgje opp vedtak gjort i Ungdommens fylkesting. I tillegg skal Ungdomspanelet vere eit bindeledd mellom ungdom og Møre og Romsdal fylke.
- 3.2 Ungdomspanelet skal drive aktiv lobbyverksemd overfor politiske styresmakter.
- 3.3 Ungdomspanelet skal fordele Ungdomsmidlane.
- 3.4 Ungdomspanelet skal arrangere Ungdommens fylkesting og fremje Ungdomspanelet og Ungdommens fylkesting i media.

- 3.5 Samarbeid mellom Ungdommens fylkesting, Ungdomspanelet og lokale ungdomsråd  
Ungdomspanelet skal ha jevnleg og god kontakt med lokale ungdomsråd/ungdommens kommunestyre. Ungdomspanelet skal halde ungdomsråda oppdatert om aktuelle ungdomssaker i fylket og hjelpe ungdomsråd i vanskelige saker, ved oppstart og ved eventuelle nedturar.  
(Her kan ein vurdere å vedtektsfeste kursing/opplæring av lokale ungdomsråd)

- 3.6 Samansetting  
Ungdommens fylkesting vel 9 medlemmer til Ungdomspanelet. Medlemene av Ungdomspanelet skal veljast frå representantane på Ungdommens fylkesting og det sitjande Ungdomspanelet (faste medlemmar og vara). Alle dei tre regionane bør vere representert. Det bør vere ei balansert samansetjing frå by og land, og kjønnsbalansen skal vere i høve til likestillingslova.
- 3.7 Ungdomspanelet skal bestå av ungdom mellom 15 og 25 år som har tilknytning til fylket i den aktuelle valperioden. Representantane blir valde for to år, men halvparten vert skifta ut kvart år. Representantane skal ha personlege vararepresentantar.
- 3.7b (Eit alternativ til personleg vara er varaliste på 3-5 vara. Kvar gongen ein fast medlem ikkje kan stille på møte vil vara nr 1 fyrst bli spurt om stille, om ikkje nr 1 kan gåar tilbodet til nr. 2 på varalista. På denne måten blir dei fyrste på varalista erfarne med arbeidet i Ungdomspanelet. Sjansane for fleire møter er stor.)

3.8 På Ungdommens fylkesting blir det kvart år valt leiar og nestleiar for Ungdomspanelet. I ekstraordinære omstender kan Ungdomspanelet konstituere ny leiar og nestleiar frå faste medlemmar av Ungdomspanelet.

- 3.9 Møte  
Ungdomspanelet bør ha sine møte samstundes med det ordinære fylkestinget, i tillegg til andre møter. Ungdomspanelet fastset sjølv møteplan.
- 3.10 Leiar for Ungdomspanelet eller 1/3 av ungdomspanelet kan ved behov innkalle til ekstraordinære møte.
- 3.11 I Ungdomspanelet har representantane ansvar for kvar sine avdelingar og hovudutval. Ungdomspanelet skal møte minst tre gonger i kvart utval per periode og skal ha tale- og forslagsrett. Frammøte skal protokollførast.
- 3.12 Vedtak blir gjort med simpelt fleirtal i Ungdomspanelet. Ved stemmelikheit har leiar dobbeltstemme. Det må vere minst fem til stades for at Ungdomspanelet kan fatte vedtak.

- 3.13 I samsvar med forskriftene til Opplæringslova, § 4 – 35 skal møter i Ungdomspanelet og møter i hovudutvala i fylke ikkje førast som fråvær frå undervisning.

#### **§ 4 Økonomi og administrasjon**

- 4.1 Møre og Romsdal fylke sørgjer for sekretær for Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet.
- 4.2 Det skal setjast av tilstrekkeleg med økonomiske midlar i økonomiplanen til Ungdommens fylkesting, Ungdomspanelet og Ungdomsmidlane.
- 4.3 Reise- og møteutgifter blir dekkja av Møre og Romsdal Fylke dersom ikkje anna er særskilt bestemt.

#### **§ 5 Godtgjersle**

- 5.1 Medlemmane i Ungdomspanelet får dekt reise- og diettgodtgjersle etter statens regulativ og retningslinjer. Tapt arbeidsforteneste dekkes, ved stadfesting frå arbeidsgjevar, med inntil kr 2 000,- per dag og kr 200,- per time.
- 5.2 Medlemene i Ungdomspanelet får møtegodtgjersle i samband med møte i Ungdomspanelet og møte i fylket sine hovudutval.

#### **§ 6 Rusmiddel**

- 6.1 Alle møte og tilstellingar i Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet skal vere rusfrie under heile arrangementet.

#### **§ 7 Endring av vedtekter**

- 7.1 Desse vedtektene kan kun endrast av Ungdommens fylkesting. Ungdomspanelet kan komme med forslag om vedtektsendringar. Ved vesentlege endringar av vedtektene skal fylkestinget i Møre og Romsdal vedta den formelle godkjenninga.

## Gjeldane vedtekter

### Vedtekter for ungdommens fylkesting og ungdomspanelet

#### §1 Namn, formål og mynde

a) Organa sine namn er ungdommens fylkesting og ungdomspanelet i Møre og Romsdal.

b) Mål:

- Gjennom ungdommens fylkesting og ungdomspanelet skal ungdom vere med på å ta ansvar for si eiga framtid.

- Stimulere til samfunnsengasjement og demokratiforståing

- Vere høyringsorgan for fylkeskommunen og partnerskap i saker som opptek ungdom.

Ungdommens fylkesting og ungdomspanelet kan sjølv fremje saker til politikarane og administrasjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune.

c) Med høyringsorgan meiner ein:

- Ungdommens fylkesting og ungdomspanelet skal vere ein aktiv aktør i fylkesplan- og fylkesdelplanprosessane.

- Ungdommens fylkesting og ungdomspanelet skal vere ein sentral aktør i økonomiplanprosessen.

- Ungdommens fylkesting og ungdomspanelet skal vere ein naturleg del av dei fylkeskommunale avdelingane sitt virke. Administrasjonen skal innkalle representantar frå ungdomspanelet i prosjekt, saker osv, der det er viktig å få fram synspunkt frå ungdom.

- Fylkestinget, fylkesutvalet og hovudutvala i Møre og Romsdal fylkeskommune er viktig samarbeidspartnarar for ungdommens fylkesting og ungdomspanelet i fylket.

#### §2 Ungdommens fylkesting

Representantane:

a) Ungdommens fylkesting skal setjast saman av to frivillige og interesserte ungdommar frå kvar kommune i Møre og Romsdal. Det er viktig at ungdommens fylkesting består av ungdom som er lyttande, og som klarar å formidle ungdommar sine interesser i fylket.

b) Ungdommens fylkesting skal bestå av ungdom mellom 14 og 19 år.

c) Representantane skal vere ein gut og ei jente. Ungdommens fylkesting skal ha kjønnsbalanse slik likestillingslova krev, og det bør også rekrutterast ungdom med minoritetsbakgrunn.

d) Representantane skal ha personlege vararepresentantar.

e) Dei ungdommane som sit i ungdommens fylkesting må bu i fylket i den aktuelle valperioden.

Val:

f) Representantane skal veljast frå ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre. I kommunar som ikkje har ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre står kommunen fritt til å finne aktuelle kandidatar.

g) For å sikre kontinuiteten skal representantane med vararepresentantar veljast for ein periode på to år, med utskifting slik at ein av representantane blir valt kvart år.

Oppgåver:

h) Ungdommens fylkesting skal ha ein årsmøtefunksjon overfor ungdomspanelet, der ungdomspanelet rapporterer til ungdommens fylkesting om sitt arbeid. Ungdommens fylkesting lagar ein handlingsplan for kva saker ungdomspanelet bør arbeide med det kommande året. Det er ungdommens fylkesting som vel representantar til ungdomspanelet.

Møte:

i) Ungdommens fylkesting har ordinært møte ein gong i året. Det bør vare over minst to dagar. Ungdommens fylkesting bør arrangerast i oktober/november samstundes med fylkeskommunen sin økonomiplanprosess.

- j) Ungdomspanelet sine medlemmar har tale- og forslagsrett i ungdommens fylkesting, samt stemmerett dersom dei samtidig er valt som representantar på tinget. Andre kan få godkjent tale- og forslagsrett dersom ungdommens fylkesting gjer vedtak om dette.
- k) Ungdommens fylkesting vedtar sin eigen forretningsorden.
- l) På ungdommens fylkesting skal det alltid vere politisk og administrativ representasjon frå Møre og Romsdal fylkeskommune.
- m) Dersom ungdomspanelet finn det nødvendig kan dei innkalle til ekstraordinært ungdommens fylkesting.
- n) Ungdommens fylkesting skal evaluere arbeidet sitt etter 2 år.

### §3 Ungdomspanelet

Representantane:

- a) Ungdommens fylkesting vel 9 medlemmer til ungdomspanelet. Medlemene av ungdomspanelet skal veljast frå representantane på ungdommens fylkesting og det sitjande ungdomspanelet. Alle dei tre regionane skal vere representert. Det skal vere ei balansert samansetjing frå by og land, og kjønnsbalansen skal vere ivaretatt i høve til likestillingslova.
- b) Ungdomspanelet skal bestå av ungdom mellom 14 og 19 år.
- c) Representantane skal ha personlege vararepresentantar.
- d) Dei ungdommane som sit i ungdomspanelet må bu i fylket i den aktuelle valperioden.
- e) På ungdommens fylkesting blir det valt leiar og nestleiar for ungdomspanelet.

Val:

- f) Det skal setjast ned ein eiga valkomité på ungdommens fylkesting.
- g) Representantane blir valde for to år, men halvparten vert skifta ut kvart år.

Oppgåver:

- h) Det er ungdomspanelet som er det operative organet:
- Vere eit effektivt bindeledd mellom ungdom og Møre og Romsdal fylkeskommune og partnerskap
  - Drive aktiv lobbyverksemd overfor politiske styresmakter
  - Iverksetje ungdommens fylkesting sine intensjonar
  - Følgje opp konkrete saker
  - Fordele midlar i høve til søknader
  - Arrangere ungdommens fylkesting
  - Fronte ungdomspanelet og ungdommens fylkesting i media
  - Koordinere arbeidet mellom ungdomsråda i kommunane og motivere til aktivitet
  - Vere pådrivar for å etablere ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre i alle kommunar i fylket.
  - Finne nye måtar å mobilisere ungdom (til samfunnsengasjement).

Møte:

- i) Ungdomspanelet skal ha sine møte samstundes med ordinære fylkesting, i tillegg til førebuande møte. Ungdomspanelet fastset sjølv møteplan. Leiar for ungdomspanelet og 1/3 av ungdomspanelet kan ved behov innkalle til ekstraordinære møte.
- j) I ungdomspanelet har representantane ansvar for kvar sine avdelingar (nærings- og miljøavdelinga, samferdselsavdelinga, utdanningsavdelinga, helse- og sosialavdelinga, kulturavdelinga samt plan- og økonomiavdelinga). Dei respektive hovudutvala kan invitere representantar frå ungdomspanelet til å delta i møte med tale- og forslagsrett etter behov.
- k) Vedtak blir gjort med simpelt fleirtal i ungdomspanelet. Det må vere minst fem til stades for at ungdomspanelet kan fatte vedtak.

### §4 Økonomi og administrasjon

- a) Fylkesrådmannen ved plan- og økonomiavdelinga er sekretær for ungdommens fylkesting og ungdomspanelet.

- b) Det skal setjast av tilstrekkeleg med økonomiske midlar i økonomiplanen til Ungdommens fylkesting og ungdomspanelet.
- c) Ungdomspanelet skal sjølv disponere økonomiske midlar som skal gå til ungdomsaktivitetar. Tilskotet blir gjeve til prosjekt som stimulerar til ungdomsengasjement i fylket, og skal gå til alternative ungdomsaktivitetar som ikkje elles får støtte frå det ordinære budsjettet til fylkeskommunen.
- d) Reise- og møteutgifter blir dekkja av Møre og Romsdal Fylkeskommune dersom ikkje anna er særskilt bestemt.

### **§5 Godtgjøring**

- a) Medlemmane i ungdomspanelet får dekt reise- og diettgodtgjøring etter statens regulativ og retningslinjer.
- b) Tapt arbeidsforteneste blir dekt ved legitimasjon frå arbeidsgjevar.
- c) Medlemene i ungdomspanelet får møtegodtgjersle i samband med møte i ungdomspanelet.

### **§6 Rusmiddel**

- a) Alle møte og tilstellingar i ungdommens fylkesting og ungdomspanelet skal vere rusfrie under heile arrangementet.

### **§7 Skolering**

- a) Ungdom som deltek på ungdommens fylkesting og i ungdomspanelet skal få naudsynt opplæring.

### **§8 Endring av vedtekter**

- a) Desse vedtektene kan endrast av ungdomspanelet i samråd med ungdommens fylkesting. Ved vesentlege endringar av vedtektene skal fylkestinget i Møre og Romsdal vedta den formelle godkjenninga.